

## Møtereferat

Dato: 12.06.2019

Emne:	<b>Regionalt planforum – oppstart kommuneplanens arealdel</b>	
Til stades:	Hordaland fylkeskommune (HFK): Eva Katrine Ritland Taule, Lars Petter Klem, Trond Olav Wahl, Hans Inge Gloppen, Else-Marie Brobakke Aarø, Øystein Monsen, Jostein Akسدal, Gunhild Raddum, Tale Halsør, Ida Grøndahl Steffensen, Vidar Totland (InVest in Bergen) Statens vegvesen (SVV): Hilde Birgitte Kalleklev Fylkesmannen i Vestland (FM): Arve Meidell, Egil Hauge, Frida Halland Kystverket Vest: Turid Susort Jansen, Bjarte Holta Austevoll kommune: Morten Storebø, Bjarte Madsen, Erik Andreas Kyvig, Stina Nordbak, Sunniva Skålnes Samdal, Stine Konradsen	
Forfall:	-	Sak:
Møtetid:	11.06.2019 kl. 13.00 – 15.00	Møtestad: Møterom Sunnhordland, Fylkeshuset

**Møteleiar: Eva Katrine Ritland Taule****Referent: Lars Petter Klem**

Eva Katrine Taule, konstituert plansjef i Hordaland fylkeskommune, ønske velkomen og orienterte om regionalt planforum, eit forum for å fremme dialog i planprosessane. Kort presentasjonsrunde.

### Introduksjon v/ Morten Storebø, ordførar i Austevoll kommune

Kommunen er no i oppstart av planprosessen, og ønska tidleg å få innspel frå dei regionale etatane, slik at ein får gode råd for å setje vidare kurs i planarbeidet.

Kommunen har etter eige vedtak starta med rullering av både kommuneplanens samfunnsdel og arealdel. Fyrstnemnde er planlagt å vere ferdig innan 2019, mens ein har planlagt å vedta ny kommuneplan innan slutten av 2020. Ønsket om å rullere arealdelen kjem av at ein har erfart fleire utfordringar til den gjeldande planen, til dømes med brukarvennlegheita for sakshandsamarane i kommuneadministrasjonen eller for innbyggjarane.

Ein ønskjer nå å sørge for ei god og transparent prosess, grundigare avklaring knytt til sjø og generelt eit betre verktøy for å handtere arealkonfliktar. Dette inneberer blant anna at det skal vere lett for innbyggjarane å forstå korleis kommunevedtak er heimla, som vil sørge for å fremje kommunens eige legitimitet som planmynde. Ein ønska møtet for å få gode innspel til planprosess og føresegner.

### Overordna innspel for kommuneplanens arealdel

**Fylkesmannen i Vestland** ser positivt på at kommunen vil rullere kommuneplanen. Austevoll, med sin plassering i kysten, med høg pendlaraktivitet og kystkultur gjer et ein treng ein god plan for å kunne handtere desse i lag med utvikling av ein sunn næringsverksemd. FM peika på at det er behov for å gjere ei grundig avklaring av til dømes kva næringsareal i plankartet som trengs for å utvikle samfunnet, og kva som godt kan fjernast frå kartet.

FM såg det som positivt at ein vil satse på senterstrukturutvikling, mellom anna Storebø. Men det å forsøke å rigge til senterutvikling og ramme det inn, må også bety at ein må ta ei gjennomgang av dei andre areala som er rundt i planen.

**Statens vegvesen** etterspurde ei avklaring av korleis den nye planen vil stille seg opp mot SVV sine eksisterande planar for vegnettet i kommunen. Etaten vil vere opptekne av korleis planen vil leggje seg opp mot kva som utløyser plankrav, og synte mellom anna til korleis ein vil krevje plan for avkøyrsløse fylkesveg.

**Kystverket** synte til at for dei vil det vere viktig korleis kommunen utfører konsekvensutgreiinga og risiko- og sårbaheitsanalyse (ROS). På det overordna nivå for arbeidet med kommuneplanen ønska etaten å framheve at det er viktig at ein gjer grundige grep som bidreg til liten grad av blanding av nyttetraffikk og fritidsflåten. Dette er direkte kopla opp til tryggleiken for samfunnet. Det same gjeld farleier og akvakulturområde. Kystverket inviterte kommunen til vidare dialog viss dei skulle ha spørsmål knytt til denne tematikken i planarbeidet.

**Hordaland fylkeskommune v/ akvakultur** synte til utarbeiding av ei kommuneplan også må ta inn over seg utviklinga innafor havbruksnæringane. Dette betyr at ein i planarbeidet må sikre næringens langsiktige arealbehov, og at ein også vurderer område som i framtida vil kunne vere høgst brukbare i framtida i takt med utvikling av ny teknologi. Dei vil gjerne halde kontakt med kommunen i høve planarbeidet framover.

**Hordaland fylkeskommune v/ samferdsel** etterspurde eit meir overordna fokus på samordna areal- og transportplanlegging. Det er viktig at kommunen framhevar korleis dei vil jobbe opp mot senter- og forfettingsutvikling kopla mot transportsystemet i planarbeidet vidare.

**Hordaland fylkeskommune v/ næring** peika på at utvikling av næringsaktivitet til sjø også vil trenge lokaliteter kopla mot land. Kommunen må vere obs på prosessen som skjer nå som fiskerihamnene blir flytta over til fylkeskommunen over nyttår. **Kystverket** presiserte at dei aktive fiskerihamnene vil bli med til fylkeskommunen, mens dei som er passive i dag vil bli avhenda til småbåthamner.

**Hordaland fylkeskommune v/ folkehelse** gav ros for at kommunen nemner at dei har som mål å utjamne sosiale skilnader. Det er i dette arbeidet viktig å ha auge på folkehelse i førebyggjande og fremjande ljøs. Gang- og sykkelveg, lokalisering av bustader, leikeplasser er døme på arealtiltak som kan fremje folkehelsa. Dette må også kome til syne i arbeidet med kommuneplanens arealdel. Dette gjeld også for eldresatsinga, der ein synte til den nasjonale «Leve heile livet»-reforma.

**Hordaland fylkeskommune v/ klima** synte til dei statlege planretningslinene for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing som seier at kommunen skal ta omsyn til klimaproblematikken i alle planar. Då er det viktig at kommunen ser kva type utslepp ein skal ta tak i og korleis kommuneplanens arealdel kan vere eit godt verktøy for å bidra inn i kommunens klimaarbeid. Ein må også vere var på korleis klimaendringane vil råke ved kommunens areal, slik som til dømes i strandsona.

**Hordaland fylkeskommune v/ fylkeskonservatoren** såg med interesse på at ein har valt å arbeide med kommuneplanens samfunnsdel og arealdel samstundes. Fylkeskonservatoren peika på at kulturminner er ei god binding mellom desse delane, både som arealavgrensande men også som ei ressurs. Dette til dømes i ljøs av tilrettelegging for stiar til kulturminne. Då kommunen har utarbeida ei kulturminneplan er det viktig at denne vert nytta vidare i arbeidet med kommuneplanens arealdel. Ein synte til at ut frå kommunens storleik burde det også vere overkommeleg å gjere i kartlegging av dei kulturminna ein rår over i Austevoll.

## **Gjennomgang av utkast til føresegner**

Austevoll kommune har utarbeidd utkast til føresegner som var utgangspunkt for diskusjonen.

**Hordaland fylkeskommune v/ planseksjonen** synte til at arbeidet med ei KPA er viktig, då ein god plan vil spare innbyggjarane for ressurskrevjande sakar, og sakshandsamaranes kvardag blir mykje enklare. Ei god plan vil også vere ei måte å skape føreseielegheit og legitimitet hjå innbyggjarane. Vidare viste ein til at det er viktig at det ikkje blir dispensasjonskultur, då arealforvaltninga skal primært vere gjennom planar og ikkje dispensasjonar.

### **§1-1 Plankrav**

**Fylkesmannen i Vestland** synte til plan- og bygningsloven som seier at ein skal ha ei planstyrt utvikling, Av paragraf 12 i PBL, så skal alle større byggeprosjekt, og alle tiltak som har vesentleg konsekvens for miljø og samfunn, ha krav om reguleringsplan. Og der ein ikkje treng reguleringsplan, så er det formålsføringane frå KPA som gjeld. FM oppmoda difor til å bruke KPA-prosessen til å greie best ut, så kan ein deretter rydde opp og sette inn plankrav der ein er litt usikker.

### **§1-2 Unntak frå plankrav**

**Fylkesmannen i Vestland** synte til at dei statlege planretningsliner for strandsona sett tydelegare plankrav for tiltak langs strandsona enn for planlegging på land generelt. I utgangspunktet er dette det same som å seie at ein skal ha plan ved tiltak i strandsona. Naust privatiserar, og må difor gjennom plan. Jf. §1-2 pkt. 5 og 6 synte FM til at tiltak som flytebrygger og fortøyingsanlegg vil også måtte bli behandla gjennom reguleringsplan. **Kystverket** peika også på utfordringa med slike unntak, då smitteeffekten er stor. Dei synte til fiskerihamnene og flytebryggjer som noko som skapar utfordrande samanblanding av fiskarar og fritidstrafikk.

FM meinte også at formuleringa i §1-2 pkt. 7 i praksis vil vere å setje loven til side, som ikkje er mogleg.

***Austevoll kommune** meinte det ikkje ville vere lett for alle å forstå at ein treng ei reguleringsplan for ei flytebryggje, gitt at ein har gjort ei strandsonavurdering, konsekvensutgreiing. Kommunen etterspurde kva ein må gjere for å kunne ha eit tilfredsstillande unntak frå plan.*

**Hordaland fylkeskommune v/ planseksjonen** synte til at viss en greier ut detaljert for eit område kan ein kome med slike føresegner. Men dette kan berre gjerast for konkrete sakar og ikkje generelt. Å innføre ei generell føresegn om at brygge er unnateken plankrav går ikkje.

**Hordaland fylkeskommune v/ fylkeskonservatoren** minna om at når ein pratar om plankrav og unntak frå planprosess, så gjeld uansett kulturminnelova heile tida. Det må også kommunen vere klar over og å ha gode rutinar på. Dispensasjonar gjer i alle fall at dei får inn sakene og får behandla dei.

Fylkeskonservatoren har laga ei liste med forslag til korleis kommunane kan innarbeide omsyn til kulturminna i planen. Denne vil bli sendt over til kommunen etter møtet.

### **§1-3 Plankrav etter konkret vurdering**

**Austevoll kommune** meiner det er utfordringar når ein må operere med kvoter, at det ikkje ligg meir vurderingar bak det enn at ein har overskrida kvota. Dette gjeld jo då spesielt for LNF-spreidd. Kommunen ønskjer heller ei likebehandling etter tiltakets art, og ønskjer å få dette forankra i den nye KPA-en. Kommunen ønskjer difor å finne kriterie for kvalitet som gjer det lett å forklare kvifor ein må si ja på ein plass, og nei på ein annan.

**Hordaland fylkeskommune v/ planseksjonen** synte til at ein må ha tiltak som samsvarar med kva tenester ein kan tilby sine innbyggjarar. Når ein leiter etter område å byggje ut, må dette også skje innfor område som ein kan levere teneste til. Dette kan til dømes vere standard på veg, med tanke på beredskap, eller andre sosiale teneste. Dette er moment som kan brukast for at dei lokale innbyggjarane kan få forståing for kvifor ein ikkje kan byggje ut kor ein vil.

**Statens vegvesen** synte til §1-3 pkt. 2 om fortetting av bustader og meinte at viss dette skal stå, så må etaten få desse sakane inn til høyring. Kommunen må greie ut for kva som er det juridiske for denne føresegna, på kva grunnlag ein skal sende over saker til SVV, kva slags klagemoglegheit etaten vil ha og kva slags frist.

### **§1-5 Byggegrenser**

**Fylkesmannen i Vestland** vi prøver å seie at ein er glad for 20 meter byggegrense mot vassdrag. Som del av verdiane knytt til vassdrag er det også ei viktig vegetasjonskantzone. Desse verdiane gjeld ikkje berre i høve naturmangfald, men også mot klimatilpassing. I miljøomsyn er det spesielt dei anadrome vassdraga som har særskild merksemd frå statleg hald.

**Hordaland fylkeskommune v/ planseksjonen** synte til at ein ikkje bør ha ei fast byggegrense langs sjø, i samsvar med den regionale kystsoneplanen, men heller at det bør baserast på funksjonell strandsonekartlegging. **FM** støtta opp om dette, og framheva at dette også gjeld langs vassdrag.

**Statens vegvesen** synte til §1-5 pkt. 6 og 7 om byggegrenser mot kommunal- og fylkesveg og peika på at viss ein legg inn byggegrense langs veg i planane så opphevar den vegloven, og då blir det plan- og bygningsloven som gjeld. Dette vil gi meir jobb for kommunen sjølv, samstundes som det også vil gi meir fridom. Kommunane står sjølv fritt til å vurdere korleis ein vil ha det.

### **§1-6 Unntak frå byggeforbodet langs sjø og vassdrag**

**Fylkesmannen i Vestland** framheva at bruk av ordlyden «privatiserande» er utydeleg og vil vere utfordrande for sakshandsaminga. Dette då folk har forskjellig oppfatning av kva tiltak som opplevast som privatiserande.

### **§1-7 Rekkefølgjekrav**

Etatane så det som eit godt grep å få rekkefølgjekrav inn i føresegnene, då omtale av dette tydeleggjer kva det betyr. Rekkefølgjekrav er gjerne ei stor kjelde til dispensasjonssøknadar.

### **§1-9 Omsyn til barn og unge**

**Hordaland fylkeskommune v/ folkehelse** oppmoda kommunen til å involvere sine eigne innbyggjarar i planprosessen gjennom medverknadsprosjekt, t.d. barnetråkk, eldretråkk osv. Ein bør vere var på at ein ikkje veit kva område som unge eigentleg bruker, noko som vil vere viktig for §1-9 pkt. 4 om erstatningsareal. Ein bør også vurdere å utføre helsekonsekvensanalyser som del av konsekvensutgreiinga.

### **§1-10 Kulturminne og kulturmiljø**

**Hordaland fylkeskommune v/ kulturminne** oppfordra kommunen til å studere bruk av omsynssone H570 bevaring av kulturmiljø. Ved å ha dette inkludert i KPA så vil ein enklare kunne behandle sakar gjennom den overordna planen og få satt enkelte konkrete føresegn allereie.

**Hordaland fylkeskommune v/ planseksjonen** vil presisere at omsynssoner brukast for å framheve at det her er noko av kvalitet. Dette kan også brukast på verdiar i landskapet, og ikkje berre kulturminne.

### **§1-11 Strandsona**

**Hordaland fylkeskommune v/ planseksjonen** synte til arbeidet som har blitt gjort med kystsoneplanen for Sunnhordland. Planseksjonen vil på generell basis handsame plansaker i strandsona basert på erfaringane og tilrådingane frå dette arbeidet. Ein oppmoda kommunen til å lese planen til inspirasjon for planarbeidet vidare, sjølv om den no er til vurdering hos departementet.

**Fylkesmannen i Vestland** meinte at formuleringa i §1-11 pkt. 6 gir frislepp til havbruksnæringane for korleis dei kan byggje. **Hordaland fylkeskommune v/ planseksjonen** så formuleringa mest som ei retningsline. Dei peika på at det er ei skilnad mellom ei retningsline og ei føresegn, der fyrstnemnde gir føringar for kva slags omsyn som skal gis, mens føresegn er meir konkrete og tydelege.

***Austevoll kommune:** Formålet med denne var å gjere det klarare for korleis ein skal byggje bustader og fritidsbustader. Ønskjer å gjere det meir attraktivt å byggje unna sjøen. Når det kjem til dei blå næringane, så er meininga at dei skal ha særlege omsyn til andre tiltak.*

**Fylkesmannen i Vestland** peika på §1-11, pkt. 9 flytande bustader, og synte til at dette er ei pågåande debatt i fylket. Bustader inngår ikkje i formål i sjø, så dette kan ikkje regulerast på den måten.

Ein vart samd om at dei regionale etatane må sjå på dette og saman søke å finne den juridisk korrekte løysinga for dette.

### **§1-14 Parkering**

**Hordaland fylkeskommune v/ samferdsel** viste til Parkering ved offentlege bygg: ved skular vil ein ikkje at ein parkerer heilt inn til døra, vi ønskjer at dei skal gå og sykle hit.

***Austevoll kommune** synte til at det var meininga at ein ønskjer å kople saman p-anlegg og kor ein skal, men det har ikkje vore ønsket å få parkering rett utafor dørstokken.*

**Statens vegvesen** etterspurde tydeleggjering av føresegna for parkering, og ei gjennomtenking av kvifor ein har valt dei avgrensingane ein har valt. Slik det står no er det krav for to- og tremannsbustader, men etterlyste utgreiing av kva ein til dømes gjer med anna bustadstorleik.

SVV peika på at det også er viktig å få drøfta parkering til naust og småbåthamnar, då dei ofte også vil krevje ei løyve for avkøyring. Det er ei klar fordel at ein slepp å parkere langsmed vegen. SVV bad kommunen om å avklare om ein vil ha parkeringskrav til naust og andre moglege formål, som til dømes nærings- og turistverksemd.

## **Andre tema**

### *Beredskap*

**Fylkesmannen i Vestland** synte til arbeidet med beredskap som kommunen har lagt seg opp til. Om ein har klart å fange opp alt ein skulle, det vil ein først få svar på når ein skal sjå på ROS-analysen. FM etterspør meir konkret korleis ein vil jobbe med samfunnstryggleik, og synte til Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt nye rundskriv om samfunnssikkerhet i planlegging samfunnsplanlegging.

Dette må også ta inn over seg verksemdbasert risiko, slik som i havbruksnæringa.

***Austevoll kommune** synte til at dei har hatt ei gjennomgang med brannsjefen og gjennomgått dei utfordringane samlokalisering medfører. Dette er noko ein vil jobbe med vidare i prosessen.*

### *Universell utforming*

**Hordaland fylkeskommune v/ folkehelse** minna om at det er ei nasjonal forventning om at universell utforming inkorporerast inn i all planlegging. Dette er å leggje til rette for eit Austevollssamfunn, der alle kan delta.

### *Digital infrastruktur*

**Hordaland fylkeskommune v/ næring** etterspurde at kommunen tok opp tematikken rundt digital infrastruktur.

### *Hjartesoner*

**HFK v/ samferdsel** synte til at det er viktig at ein i føresegnene presiserer hjartesonene, slik at det er tydeleg korleis dette vil bli følgd opp.

*Austevoll kommune synte til at dei har arbeida med dette gjennom trafikksikringsmiddel, men at det er utfordringar knytt til å ha dette inn i KPA, da ein må leggje ei hjartesone rundt ei skule som faktisk kan vere bilfri. Dei fleste skulane i Austevoll går det veg rett forbi utanfor.*

## **Oppsummering og avslutting**

Hordaland fylkeskommune v/ planseksjonen gav ros for planarbeidet så langt, og fant utgangspunktet for møtet med gjennomgang av forslag til planføresegner som ei interessant vinkling. I planforum vert det ofte for lite tid til å gå gjennom dei samla føresegnene til planforslag. Ein minna om at kommunen står fritt til å kontakte etatane også utafør planforum, og ønskjer lukke til vidare med arbeidet.